



# Førde kommune

## Reguleringsføresegner - Detaljplan

Plan: <b>Førde sentralsjukehus</b>		Planid: <b>143220160007</b>
		Arkiv nr.: <b>L12.1607</b>
Utarbeidd av: Nordplan AS	Oppdragsgjever: Helse Førde HF	Sign.:
Vedtak/Stadfesting: Sak BY-014/19 – 28.03.2019	Dato org. føresegner: 20.06.2018	
	Siste revisjon: 18.03.2019	
Avskrift	Sign.:	
Endringar	Dato:	Sign.:
Utkast	20.03.2018	AT
Rev. A endring etter 1. gongs høyring og offentlig ettersyn	25.01.2019	AT
Rev. etter 1.gongs høyring og offentlig ettersyn	18.03.2019	AH

### 1 Arealbruk

Det regulerte området er vist med plangrense i plankartet j.f. pbl §12-5. Arealet innafor denne grensa er regulert etter pbl §12-3 som **detaljregulering**. Føremålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for utbyggingsareal for sjukehus- funksjonar med tilhøyrande infrastruktur ved Førde Sentralsjukehus.

I samsvar med pbl § 12-5 er området regulert til følgende arealføremål:

#### Bygningar og anlegg (pbl § 12.5 nr.1 )

Offentleg tjenesteyting –  
institusjon/sjukehus.

BOP1 - BOP7

#### Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12.5 nr.2)

Køyreveg SKV1-SKV19  
Gangveg SGG1-SGG6  
Gang- og sykkelveg SGS1-SGS5  
Annan veggrunn grønt areal SVG  
Annan veggrunn tekniske anlegg SVT

Parkeringsplass	SPA1-SPA6
Kollektivanlegg	SKA1
Leskur	SP1
Grøntstruktur (pbl §12.5 nr.3)	
Friområde	GF1-GF3
Park	GP1-GP3
Turveg	GT1
Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl §12.5 nr.6)	
Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	VNS1-VNS2
Omsynssoner (pbl §12.6)	
Sikringssone-frisikt	H140_
Støysone	H210_, H220_
Faresone-flaumsone	H320_
Brann-/eksplosjonsfare	H350_
Krav vedrørande infrastruktur	H410_
Særlege omsyn-	
Bevaring naturmiljø	H560_
Båndlegging kulturmiljø	H570_
Båndleggingsone –	
båndlegging kulturminner	H730_
Føresegnområde	
Midlertidig anleggområde	#1
Krav om	
detaljreguleringsplan	#2
Plassering av flaumvoll	#3
Etasjeantall	#4
Tiltak rundt verna bygg	#5

## 2 FELLES FØRESEGNER

### 2.1 Krav til tiltak og søknad

- a. Bygg, anlegg og verksemder skal utformast med sikte på å sikre gode arkitektoniske løysingar og ta naudsynt omsyn til eksisterande miljø. Byggesøknad skal vise konsekvensar av nye bygg for parkområdet i høve sol-/skuggetilhøve.
- b. Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein detaljert, kotesett situasjonsplan. Denne skal vise bygningsvolum, handsaming av utomhusareal, bygning i samanheng med omgjevnader, parkerings-plassar, gjerder, interne gangvegar, renovasjonsanlegg og opparbeiding av grønstruktur.

- c. For bygningar i planområdet skal det ved byggesøknad leverast plan for alle etasjar, fasadeteikning der nabobygg skal takast med for å vise heilskapen, snitt gjennom nye bygg og tilhøyrande areal. Ved endring av fasade skal ny fasade visast med fasadeoppriss. Planteikningar skal vere høgdesett og inngangspartiet skal teiknast i detalj. Det skal visast høgdesett snitt av tomta vinkelrett på inngangsparti
- d. Utforming og oppsetjing av reklameskilt skal dokumenterast i byggesøknad.
- e. Radonfare må avklarast i samband med byggesak. Jf TEK.
- f. Ved byggesøknad skal det dokumenterast at byggeprosjektet ligg innanfor støygrenser gitt i den til ein kvar tid gjeldande retningsline for støy.
- g. I samsvar med forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigendomar er det ikkje lov å gjere inngrep i freda byggverk og anlegg eller gjere tiltak som endrar den visuelle samanhengen mellom det freda anlegget. Søknad om dispensasjon skal sendast til forvaltningsmyndigheit (Riksantikvaren) som i særlege tilfelle kan gjere unntak frå fredinga og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i kulturminnet.

## **2.2 Plassering og bygningsform**

- a. Bygningar skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensar. Der byggegrensa ikkje er vist, gjeld reglane i Plan- og bygningslova. Tillat bebygd areal (BYA) vert definert etter den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift. %-BYA angir tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Parkering på bakkenivå vert rekna med i utnyttinga. Gesims- og kotehøgde vert rekna i samsvar med den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift, ut frå gjennomsnittleg planert terrengnivå.

## **2.3 Automatisk freda kulturminne**

- a. Om det i samband med gravearbeida vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast og underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. Kulturminnelova §8 andre ledd.

## **2.4 Parkeringsdekning**

- a. Det skal opparbeidast plassar reservert for drosjar og bussar etter behov.
- b. Det skal reserverast parkeringsplassar for forflytningshemma. For dei 500 første p-plassar skal 5 % reserverast forflytningshemma og for dei overskytande parkeringsplassane skal 2,5 % av p- plassar vere reservert. Dei skal lokaliserast nært målpunkt/hovudinngang.
- c. Ut i frå vurdert behov legg ein opp til min/maks 0,65/0,9 p-pl per besøkande og 0,38/0,6 p-pl per årsverk tilsett. Parkeringsplassar utover 850 parkeringsplassar skal etablerast i bygg.
- d. Det skal i den vidare utbygginga etablerast sykkelparkering etter behov. Behovet skal avklarast i samband med byggesak, og skal vere ferdig opparbeida før det gis bruksløyve. Kommunen si gjeldande parkeringsnorm skal nyttast til å berekne behovet for sykkelparkering.

## **2.5 Utnyttingsgrad**

a. Maksimal utnyttingsgrad er fastsett som %- BYA , etter reglane i TEK. Eit vilkår for å utnytte tomte med maksimal %-BYA, er at krav til byggehøgde, byggegrense og dokumentert parkeringsdekning er innfridd.

## **2.6 Kommunaltekniske anlegg**

a. Innanfor byggeområdet kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig.

## **2.7 Drenering, tilgang til kommunaltekniske anlegg**

a. Innanfor byggeområde må utbyggar sørge for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt/privat leidningsnett etter godkjenning av kommunen. Anlegg for overvatn skal dimensjonert for framtidig nedbørsauke på 40% i år 2100.  
b. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med nødvendig vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

## **3 REKKEFØLGJEKRAV**

### **3.1 Grunnundersøking**

a. Det er krav om nærare undersøking/ dokumentasjon av grunnforholda i samband med søknad om byggeløyve.

### **3.2 Infrastruktur**

a. Det kan ikkje gjevast bruksløyve for nye bygg før tilkomstveg og VA til eigedomen er opparbeidd /eller sikra opparbeidd i samsvar med planane.

### **3.3 Radongass**

a. Radonfare må avklarast i samband med byggesak, jf. gjeldande TEK.

### **3.4 Opparbeiding av kryss o \_SKV3**

a. Det kan ikkje gjevast bruksløyve for nye bygg som genererer auka trafikk, før kryss o \_SKV3 ved fylkesvegen, er opparbeidd i samsvar med planen.

### **3.5 Detaljregulering/opparbeiding av kryss i nordleg avkøyning til sjukehuset**

a. For vegkryss mellom fv. 484 og kommunal veg til sjukehusområdet i nord, skal utbyggjar få utarbeidd ein reguleringsplan som samsvarar med gjeldande regelverk, til dømes vegnormalar i Statens vegvesen si handbok N100. Reguleringsplanen skal vere vedteken før nye bygg innanfor planområdet vert gitt bruksløyve.

For å avklare om tiltak innanfor planområdet medfører trafikkauke i krysset til sjukehusområdet, skal det gjennomførast ei ny trafikkteiling etter ferdigstilling og bruk av nybygg innanfor byggeområde BOP5 – byggetrinn 1 og 2. Trafikkteilinga skal gjennomførast etter at bygga er i ordinær bruk og innan 1 år etter at bruksløyve er gjeve. Trafikknivået skal vurderast opp mot tidlegare dokumentert trafikknivå i 2018, og leggest fram for vegeigar til vurdering og uttale. Det blir opptil vegmyndigheten for fv. 484 å vurdere om trafikkauken er av eit omfang som krev at utbyggjar skal gjennomføre reguleringsplanen for vegkrysset, og å fastsetje framdrift av dette. Dersom trafikkauken kan reknast som låg kan det likevel vere aktuelt å krevje mindre utbetringstiltak då eksisterande kryss ikkje er dimensjonert for større køyretøy inn og ut frå sjukehusområdet. Sporingsanalyse for vogntog skal leggest til grunn for aktuelle utbetringstiltak.

### 3.6 Landbruksareal

- a. Utbygging innanfor planområdet kan skje gradvis og landbruksarealet på gnr. 61, bnr. 8 og gnr. 43, bnr. 8 (BOP7) kan nyttast til landbruksføremål fram til utbygging skal skje.
- b. Ved omdisponering av fulldyrka jord til utbygging, skal tiltakshavar i samband med rammeløyve legge fram ein detaljert plan for etterbruk av matjord som må fjernast, slik at matjordressursen vert sikra etterbruk til jordbruksføremål (fortrinnsvis nydyrking).

## 4 BYGNINGAR OG ANLEGG

### 4.1 Offentleg eller privat tjenesteyting

- a. Innanfor byggeområda BOP1-BOP7 skal det etablerast offentleg eller privat tjenesteyting.
- b. BOP7 er eit framtidig (20-30 år fram i tid) utbyggingsareal for sjukehusfunksjonar. Det vert derfor krav om detaljregulering før gjennomføring av bygge- og anleggstiltak den dagen tiltakshavar har konkrete planar for området, jf. 9.2.
- c. Utnyttingsgrad %-BYA og maksimalt ant. etasjar er påført plankartet. Tekniske installasjonar/ teknisk rom kan byggjast over maksimalt antall etasjar i BOP-områda, bortsett frå i område BOP4 der det kun tillatast mindre tekniske installasjonar. Desse skal i så tilfelle ha ei god arkitektonisk tilpassing.
- d. Det tillatast oppbygging av terreng i flaumsone som ligg innanfor byggeområde.
- e. Maksimal utnyttingsgrad er fastsett som %- BYA i plankartet, etter reglane i TEK.

Område	Maks etasjar	Maks gesims, gj. sitt- leg planert terrengnivå	%- BYA
BOP1	2	9m	80%
BOP2	3	15m	80%
BOP3	1	4,5m	70%

BOP4	5	22,5m	80%
BOP5	2	9m	80%
BOP5 #4	8	35m	
BOP6	8	35m	90
BOP7	Framtidig utbyggingsområde. Krav om ny detaljregulering.		

#### 4.2 Ubygd område

- a. Ubygd område kan ikkje nyttast til lagring.

### 5 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

#### 5.1 Køyreveg, offentlig

- a. Køyreveg o\_SKV1 er offentlig veg gjennom planområdet i nord. O\_SKV2 er del av gamle Vievegen i aust og o\_SKV3 er offentlig kryss i fv. 484 med avkøyning til sjukehusområdet i sør.

#### 5.2 Køyreveg, privat

- a. Køyreveg SKV5 er privat veg gjennom planområdet i sør. SKV6-SKV19 er vegbana i private kryss og avkøyningar.

#### 5.3 Annan veggrunn – grønt anlegg

- a. Dette føremålet omfattar areal som naturleg høyre til vegen som grøft, skjering, fylling, mur, rekkverk m.m.
- b. Terrenngrep for veganlegg skal utførast på ein skånsam måte, og vere tilpassa eksisterande terreng og vegetasjon. Fyllingar skal såast og plantast til, eller steinsettast med robuste materialar tilpassa omgjevnaden og utførast samstundes med veganlegget.

#### 5.4 Annan veggrunn – teknisk anlegg

- a. Dette føremålet omfattar trafikkøy i søndre avkøyning frå fylkesvegen.

#### 5.5 Parkering

- a. Dei regulerte parkeringsplassane SPA1-SPA6 skal nyttast til privat parkering for sjukehuset.
- b. Innanfor parkeringsplass SPA1, SPA3 og SPA4 kan det etablerast parkeringshus i inntil 4 et.
- c. Nye parkeringsplassar skal delast opp med planterabattar og innrammast med vegetasjon.

#### 5.6 Leskur

- a. Offentleg leskur SP1 ved busshaldeplass.

#### 5.7 Kollektivanlegg

- a. Arealet SKA1 omfattar venteareal for buss.

## 5.8 Gangveg/gangareal

a. SGG1 – SGG4 er privat gangareal mellom parkeringsplass og sjukehusbygg. O\_SGG5 og o\_SGG6 er gangareal mellom gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og sjukehusparken. Gangvegen går vidare gjennom sjukehusparken ned til sjukehuset.

## 5.9 Gang- og sykkelveg, offentleg

- a. Gang- og sykkelveg skal opparbeidast som vist i plankart. O\_SGS1 og o\_SGS2 er offentleg og har breidde 3,0m.
- b. Langs fv.484 blir det regulert offentleg gang- og sykkelveg, breidde 3,5m (o\_SGS3- o\_SGS5). Gang- og sykkelvegen skal byggast skånsamt inn i parken. Det skal ikkje gjerast terrenginngrep som gjev vegkroppen dårlegare stabilitet.
- c. Det er gjort støyvurderingar for bustadhusa langs strekninga i samsvar støyretningslinja T-1442 og Vegdirektoratet sitt rundskriv for praktisering i Statens vegvesen. Støygrensene skal, så langt det er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg etter kostnads-/nyttevurderingar, tilfredsstillast. Det endelege omfanget av støytiltak skal vurderast i samband med gjennomføring av vegprosjektet.
- d. Kap 4.5 tabell 1 i planomtalen til detaljreguleringsplan «Fv 484 Vievegen, gang- og sykkelveg», gjev føringar for YM-plan som skal utarbeidast i prosjekteringsfasen. Nødvendige miljøtiltak skal ivaretakast av utførande og kontrollerande i gjennomføringsfasen.
- e. Naturleg revegetering - Område mellom gang- og sykkelvegen og fylkesvegen skal leggjast til rette for naturleg vegetasjonsinnvandring.
- f. Ved bygging av gang- og sykkelvegen skal framande artar takast hand om slik at krav i den tid gjeldande handlingsplan og forskrift vert ivareteke.

## 5.10 Avkøyrsløper

a. Avkøyrsløper i plankartet er meint som forslag til avkøyrsløper og kan flyttast på ved nærmare prosjektering/byggesøknad.

# 6 GRØNTSTRUKTUR

## 6.1 Friområde

- a. Området GF1-GF3 langs elvebreidda av Jølstra og Anga er eit viktig landskapsdrag og vegetasjonsbelte. Terreng og vegetasjon skal vernast om og skjøttast på ein slik måte at det ikkje hindrar flaumvatn i å strøyme. Ålmenta skal ha tilgang til området. Det kan opparbeidast sti gjennom friarealet. Ein ev. tursti skal leggjast tilbaketrekt frå elva, slik at dette tiltaket ikkje fører til inngrep i elva eller kantvegetasjonen.
- b. Flaumvoll kan etablerast innanfor føresegningsområde #3 i areal GF3.

c. Elva som renn gjennom friområdet frå Vievegen og ut i Jølstra skal haldast open då grova er ein viktig natur- og miljøkvalitet og er dimensjonert for å ta unna større vassmengder. Elva kan flyttast dersom nødvendig i samband med etablering av flaumvoll.

## **6.2 Turveg**

a. GT1 er privat turveg langs med Anga, breidde 2,5m.

## **6.3 Park, privat**

- a. Dette er den freda sjukehusparken, GP1-GP2. Park- og hageanlegg skal takast vare på og forvaltast som ein heilskap, og den visuelle og funksjonelle samanhengen mellom sjukehuset og uteområdet skal oppretthaldast, jf. §8.6.
- b. Område GP3 høyrer ikkje til den freda sjukehusparken. Dette er eit opparbeida park og hageanlegg som vert nytta i samband med eksisterande psykiatribygg. Dette området skal vidareførast som i dag.

## **7 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl§12.5 nr.6)**

### **7.1 Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone**

- a. VFS er friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Elvelaupet i Jølstra og Anga kan plastrast og sikrast mot erosjon slik at flaumvatn ikkje fører til skade på omkringliggende område. Elvedragets naturlege vegetasjon og terreng skal takast vare på i størst mogleg grad.
- b. Anlegg og konstruksjonar utover dette er ikkje tillate i dette området.
- c. Områda skal ha tilgjenge for ålmenta og skal ikkje gjerdast inn.
- d. Tiltak i vassdraget skal avklarast nærare med NVE og Fylkesmannen, etter respektive vassressursloven og lov om laksefisk og innlandsfisk.

## **8 OMSYNSSONE**

### **8.1 Sikringssone- frisikt, H140\_**

- a. Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegars nivå. Busker, trær, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillate.
- b. Trafikkskilt og lysmastar kan plasserast i frisiktsona, dersom dei ikkje hindrar fri sikt.
- c. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar blir fjerna.

### **8.2 Støysone, H210\_ og H220\_**

- a. Innanfor område vist som omsynssone støy, H210, "raud sone" (over 65 dBA) kan det ikkje godkjennast tiltak som ikkje kan sameinast med høg støy.
- b. Innanfor område vist som omsynssone støy, H220, "gul sone" (støynivå 55 –



65 dBA) kan det godkjennast tiltak som ikkje er støyømfintleg eller der det er gjort støyreduserande tiltak, dersom tiltaka elles er i samsvar med reguleringsformålet.

### **8.3 Infrastruktursone, H410\_**

a. Dette er traseen for fjernvarmerøyr. Det er ikkje tillat å bygge med permanente eller tyngre konstruksjonar over denne sona, utan samtykke frå eigar av røyrnett, Førdefjorden Energi AS.

### **8.4 Faresone – flaumfare, H320\_**

a. Flaumsone H320\_1: Det er ikkje tillate med etablering av tiltak i tryggleiksklasse 1 innanfor faresona lågare enn nivået for ein 20 års flam, med mindre det blir utført tiltak som sikrar mot flaum.

b. Flaumsone H320\_2: Det er ikkje tillate med etablering av tiltak i tryggleiksklasse 2 innanfor faresona lågare enn nivået for ein 200 års flam med klimapåslag, med mindre det blir utført tiltak som sikrar mot flaum.

c. Flaumsone H320\_3: Det er ikkje tillate med etablering av tiltak i tryggleiksklasse 3 innanfor faresona lågare enn nivået for ein 1000 års flam + tryggleiksmargin på 0,5m, med mindre det blir utført tiltak som sikrar mot flaum.

For bygningar som har nasjonal eller regional betydning for beredskap og krisehandtering, slik som regionsjukehus, regional eller nasjonal beredskapsinstitusjon og liknande, er det ikkje tillate med etablering av tiltak innanfor faresona lågare enn nivået for ein 1000 års flam + tryggleiksmargin på 0,5m.

### **8.5 Faresone- brann- og eksplosjonsfare, H350\_**

a. H350\_1 markerer fareområde på 15 m rundt drivstoff-anlegg. Innanfor sona gjeld strenge restriksjonar på type aktivitet, arbeid og oppbevaring av gods og materiell.

b. Verksemdene i område BOP2 må arbeide kontinuerleg med industrivern og eige tryggleiksarbeid (HMS).

### **8.6 Bevaring av naturmiljø, H560\_**

a. Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi for naturmiljø og biologisk mangfald. I dette områda skal langsiktig vern av det biologiske mangfaldet prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda .

b. Innanfor sonene skal det som hovudregel ikkje gjerast inngrep. Dersom inngrep likevel vert vurdert, må konsekvensane av tiltaket og framlegg til ev. avbøtande tiltak gjerast greie for.

### **8.7 Bevaring kulturmiljø, H570\_**

Innanfor omsynssone bevaring kulturmiljø H570\_1, er det ikkje tillate med tiltak eller fysiske inngrep utover eksisterande parkeringsplass, som kan medføre øydelegging eller nedbygging, eller som på annan måte kan redusere bruksverdien vesentleg av tilgrensande parkområde.

### **8.8 Bandlegging for anlegg freda etter lov om kulturminne, H730\_**

a. Anlegget Førde Sentralsjukehus er freda ved forskrift av 9.11.2011. Fredinga omfattar Gamle Vievegen14 (Sjukehusbygget frå 1970 - talet), Teknisk sentral og utomhusanlegget. Alle endringar må handsamast særskilt av kulturminnestyresmakta . Sjå forskrift a, vedlegg 35 for nærare opplysningar om omfang og formål.

b. **Krav om nærare undersøkingar, overvaking og klargjering av verknader:** Parken ved Førde sentralsjukehus er freda jfr. «Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer», kapittel 2 16.02.2015. Dette inneber at dersom ein ønskjer å fjerne tre eller annan opphavelig vegetasjon innanfor det freda området, må det søkast om dispensasjon frå fredinga. Før arbeider med tiltaket startar opp må det lagast ein marksikringsplan. Denne skal vise naudsynte tiltak for bevaring av tre slik at rotnett og stamme ikkje blir skadde i anleggsfasen. På grunn av fredinga skal tre som fjernast erstattast med like mange tre av same art. Eit unntak er dersom det opphavelige treslaget står i «naturmangfoldlovens forskrift om fremmede organismer» vedlegg 1 (forbod) eller vedlegg V (søknadspliktige artar).

Nye tre skal ha stammeomkrins min 18-20 cm ved planting, og skal plantast i min 80 cm god vekstjord.

## **9 Føresegnområde**

### **9.1 Midlertidig anleggsområde, #1**

a. Områder #1, kan nyttast til anleggsområde og mellomlagring av masser. Etter avslutta anlegg går arealet over til formål som vist i planen. Området skal ryddast og settast i stand til det føremål og den stand det var i før anleggsstart, innan eitt år etter at anlegget er ferdig.

### **9.2 Krav om detaljregulering, #2**

Innanfor området #2 er det krav om detaljregulering før gjennomføring av bygge- og anleggstiltak samt konsekvensvurdering av ei ev. terrengheving.

### **9.3 Flaumvoll, #3**

a. Innanfor dette området kan det etablerast flaumvoll som skal hindre flaumvatn å strøyme på sjukehusområdet.

### **9.4 Etasjeantall, #4**

D:\Forde\Vedtatte\_Planer\_06-12-2017\Anikken\_09-07-2018\143220160007\_Vedtatt\Føresegner\143220160007-Føresegner.docx  
10 av 11

a. Innenfor føresegnområde #4 i utbyggingsområde BOP5 kan det tillatast bygge- og anleggstiltak i 8 et. jf. 4.1 e.

#### **9.5 Tiltak rundt verna bygg, #5**

Ved all planlegging av tiltak i Førde sentralsjukehus (verna del) sine nære omgjevnader, skal det takast spesielt omsyn til sjukehuset si plassering og verknad i landskapet. .



Planvedtek for detaljplan Forde sentralsjukehus  
Forde Sjukehus ble vedt den 25.02.2019, som sak BY-04/19 vedtaks den 19.02.2019.  
Planlagt med tilhørende leteveger.  
Forde, den

Olav Gledde  
planlegger  
Lene Mari Hovgjer  
rådgiver


**TEKNOFKLARING**

**PBL § 13-1 REGULERINGPLAN**

REGULERINGSPÅLØSINGSPLAN

-  Partikkel eller kornstørrelse > 10 µm
-  Partikkel eller kornstørrelse 5-10 µm
-  Partikkel eller kornstørrelse 3-5 µm
-  Partikkel eller kornstørrelse 2-3 µm
-  Partikkel eller kornstørrelse 1-2 µm
-  Partikkel eller kornstørrelse 1 µm
-  Partikkel eller kornstørrelse 0,5 µm
-  Partikkel eller kornstørrelse < 0,5 µm


-  Partikkel eller kornstørrelse > 10 µm
  -  Partikkel eller kornstørrelse 5-10 µm
  -  Partikkel eller kornstørrelse 3-5 µm
  -  Partikkel eller kornstørrelse 2-3 µm
  -  Partikkel eller kornstørrelse 1-2 µm
  -  Partikkel eller kornstørrelse 1 µm
  -  Partikkel eller kornstørrelse 0,5 µm
  -  Partikkel eller kornstørrelse < 0,5 µm
- LIKESYMBOLER**
-  Partiell utbygning
  -  Fullstendig utbygning
  -  Tilknyttet utbygning
  -  Utbygning i planlagt områder
  -  Utbygning i ikke-planlagte områder
  -  Utbygning i utvalgte områder
  -  Utbygning i utvalgte områder
  -  Utbygning i utvalgte områder
- PUNKTSYMBOLER**
-  Markering
  -  Markering
  -  Markering
  -  Markering
  -  Markering



Reguleringsplanen er vedtatt av kommunestyret den ...

Navn	Beskrivelse	Antall	Antall
...	...	...	...

Forde Kommune Planid 14320160007









		<b>Statens vegvesen</b> Region vest
Prosjekt: 43163 Dato: 2022-09-20	Plan: FV 484 Skala: 1:1000	Enevare: 11/000 1A3 Ny egeomsgr. Eks. egeomsgr. Reguleringsplan Rekkefølge

Midlertidig inngrep 1781 m<sup>2</sup>  
 Avvikl. areal 2189 m<sup>2</sup>



